

Vestlandsrådet

VR-sak 3/13 Vedlegg

Mulighet for samordning av dei internasjonale strategiane på Vestlandet

Innleiing

I Vestlandsrådet sitt møte 22. oktober 2012 vart følgjande vedtak gjort: «[Vestlandsrådet] oppfordrar AU til å sjå på muligheita til å samordne dei ulike fylka sitt arbeid med å revidere dei internasjonale strategiane». Den følgjande saka tar for seg kor dei ulike fylka har kome i strategiprosessane sine og kva for potensial som ligg i ei muleg samordning.

Status for de internasjonale strategiane i Vestlandsfylka

Møre og Romsdal

I 2012 vart det gjort to fylkestingsvedtak om det internasjonale arbeidet i MRFK i ein prosess for å gjere internasjonalisering til eit tydelegare gjennomgåande perspektiv i heile organisasjonen. I januar 2012 vart det vedteke å styrke arbeidet politisk og i desember vedtok fylkestinget kva for oppgåver fylkeskommunen skal prioritere i neste fylkesplanperiode. Det blir ikkje vedteke ein eigen strategi og handlingsplan, men vedtaket i desember blir førande for aktivitetane i internasjonalisering som gjennomgåande perspektiv i fylkesplanen 2012-16.

Rogaland

Rogaland fylkeskommune utarbeida ein helt ny internasjonal strategi for 2011-12. Tanken var at hovudpunkta skulle innarbeidast i regional planstrategi, men det er no meir sannsynleg at det blir ein ny internasjonal strategi frå 2013, sannsynligvis som en vidareutvikling og justering av 2011-12-strategien. Framdriftsplan for dette arbeidet er ikkje fastlagt, og det vil m.a. bli sett i samanheng med diskusjonane i Vestlandsrådet.

Hordaland

Den eksisterande internasjonale strategien for Hordaland var gyldig for perioden 2009-2012. Ei administrativ arbeidsgruppe fekk i august 2012 i oppdrag å utarbeide eit forslag til ny strategi og handlingsplan for Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale arbeid for perioden 2013-2016. Dette forslaget skal byggje på, og vere ei justering av, eksisterande strategi. Ein ny internasjonal strategi skal, etter planen, leggjast fram for dei politiske utvala i februar og fylkestinget i mars 2013.

Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt internasjonale arbeid i dag tek utgangspunkt i internasjonal strategi 2008-2009. Målsetjingane og strategiane i denne planen er vidareførte etter at planperioden gjekk ut, og gjeld såleis fram til ny internasjonal strategi for fylkeskommunen vert vedteken. Ny strategiplan er under utarbeiding i internasjonalt team, og skal etter planen verte lagd fram for dei politiske utvala og fylkestinget i løpet av våren 2013.

Potensiale for samordning

Arbeidet med nye eller reviderte internasjonale strategiar i dei fire vestlandsfylka er kome på veldig ulike stadium i prosessen: frå Møre og Romsdal sitt strategidokument som vart vedtatt i desember, til Hordaland og Sogn og Fjordane sine som skal til politisk handsaming i mars/april, til Rogaland som

Vestlandsrådet

enda ikkje har ein satt framdriftsplan. Fylka har òg ulike utgangspunkt i høve til kva ein tenker skal inkluderast i desse strategiane og kva for form dei skal ta. Det er difor vanskeleg å samordne strategiprosessane. Det er òg uklart kva for gevinstar ein vil kunne få av å samordne de skriftlige dokumenta. Samstundes er det klart at det er eit stort potensiale når det gjelder samordning mellom vestlandsfylka på tiltakssida innanfor det internasjonale arbeidet.

Vestlandsfylka har felles behov og interesser på fleire område. Vi har fleire samanfallande innsatsområde der vi konsentrerer dei internasjonale aktivitetane og vi deltar allereie i mange av dei same nettverka, både nasjonalt og internasjonalt. Potensiale for samarbeid er difor stort både for politiske samarbeid, gjennom å jobbe saman på den europeiske arenaen for å betre rammevilkåra for Vestlandet, og for samarbeid knytt til konkrete aktivitetar og prosjekt.

I ein internasjonal samanheng er alle dei fire Vestlandsfylka for relativt «sparsamt busett» å regne. Ved å stå saman som «Vestlandet» får vi både ei større demografisk tyngde og fleire ressursar å ta av. I Interregprosjektet «Enable» (2004-2007) ønska t.d. Hordaland og Sogn og Fjordane å vere med som ein region. I inneverande programperiode har òg fleire Vestlandsfylke vore med i dei same prosjekta, t.d. Rogaland, Møre og Romsdal og Hordaland i «StratMoS» (2008-2011) og alle fire fylka i «Coast Alive!» (2009-2012). Hausten 2012 fekk òg eit prosjekt med deltagarar frå ungdomsutvala i både Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane støtte frå Aktiv Ungdom-programmet til eit fellesprosjekt om Norsk ungdom og EU. Dette prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Vest-Norges Brusselkontor (VNB). Dette kontoret er eit godt døme på kontinuerlig samarbeid mellom tre av fylka. I oktober 2012 arrangerte VNB, saman med Stavangerregionen sitt Europakontor eit dagsseminar i Brussel for medlemmar av Vestlandsrådet. Både samarbeid mellom brusselkontora og samarbeid om kompetanseuke er eit område der det er mulegheiter for enda meir samarbeid.

Konkrete samarbeidsområde

Sjølv om dei fire Vestlandsfylka har til dels ulike prioriteringar for sitt internasjonale arbeid er det likevel mange samanfallande område. I tillegg til det politiske samarbeidet i Vestlandsrådet jobbar fylka òg administrativt saman, både i Vestlandsrådet si internasjonale gruppe, som fylkeskontaktar for Vest-Norges Brusselkontor (Hordaland, Møre & Romsdal og Sogn & Fjordane) og på konkrete prosjekt og aktivitetar.

Nokre konkrete samarbeidsområde kan vere som følgjer:

- **Internasjonal kompetanse/kulturforståing** med særleg fokus på EU og EØS. Stortingsmelding 5 (2012-2013) «EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU¹» understreker behovet for auka kompetanse om EU og EØS i norsk forvaltning på alle nivå men òg blant elevar i vidaregåande skole. Fylka kan samarbeide om å utvikle opplegg for å auke denne kompetansen, i samarbeid med dei to brusselkontora.
- **Samarbeid med brusselkontora.** Dei tre fylka som er eigrarar i Vest-Norges Brusselkontor samarbeider allereie tett om aktivitetar i regi av kontoret. Samarbeidet med Stavangerregionens Europakontor kan med fordel utviklast vidare.
- **Påverke Vestlandet sine rammevilkår.** Vestlandsfylka kan stå sterkare ved å stå samla både mot nasjonale styresmakter og i internasjonale fora. Vedtaket om samordning av arbeidet i Nordsjøkommisjonen² er eit døme på sistnemnte.

¹ Stortingsmeldinga er lagt fram som melding for Vestlandsrådet i møte 5. desember 2012

² Sak til Vestlandsrådet sitt møte 22. oktober 2012

Vestlandsrådet

- **Samarbeid mot «BRIKS-landa».** Samarbeid mot dei veksande økonomiane Brasil, Russland, India, Kina og Sør-Afrika er ein strategi frå den norske regjeringa og i fleire fylke eller næringsregionar. Vestlandsfylka har, på ulike område, tilknytingar mot både Brasil, Russland og Kina og vil kunne invitere dei andre inn i sine eksisterande aktiviteter/samarbeid. Storleiken på regionane i desse landa er òg eit argument for at fleire fylke bør gå saman.
- **Samarbeid om «nye framandspråk».** Fleire «nye» framandspråk er på vei inn i dei vidaregåande skolane, slik som kinesisk, japansk og russisk. Problemstillingar som rekruttering, organisering, læreplanutvikling er område der ein kan jobbe saman³
- **Ungdomsaktivitetar.** I alle dei fire fylka er det å gje ungdom internasjonal erfaring ein prioritet. Samarbeid er mogleg både på prosjekt innanfor Aktiv ungdom-programmet og knytt til den formelle opplæringa som t.d. utvekslingar.
- **Felles deltaking i internasjonale prosjekt.** Som vist ovanfor så har Vestlandsfylka allereie deltatt i fleire felles prosjekt både under Interreg- og Aktiv ungdom-programmet.
- **Vestlandsrådet som landsdelsutval** har nokre faste oppgåver knytt til det internasjonale arbeidet som t.d. representasjon i Europapolitisk forum, Nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet under Interreg og som sekretariat for Nora – Nordisk-Atlantisk Samarbeid, for Vestlandet. Da dette er oppgåver det tar noe tid å komme inn i for å kunne utøve innflytelse er det derimot ikkje å tilrå at dei sirkulerer årleg saman med formannskapet i Vestlandsrådet. I dag er det berre vervet i Europapolitisk forum som sirkulerast årleg, men det kan med fordel tildelast for ein lengre periode for å sikre kontinuitet. Med omsyn til fylkesordførarane si arbeidsbelastning kan dette vervet med fordel leggast til ein varaordførar.

Fylkesrådmannens forslag til vedtak

- Vestlandsrådet vil søkje ei samordning av konkrete tiltak innan det internasjonale arbeidet i dei enkelte fylkeskommunane der dette er formålstenleg.
- Vestlandsrådet utnemner _____ som Vestlandet sin representant i Europapolitisk forum.
- Vestlandsrådet ber om at det vert gjennomført eit forprosjekt for å vurdera muligheita for ei samordning av tiltak på Vestlandet i høve til BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina, Sør-Afrika) inkludert ein felles plan for kompetanseuke på BRIKS og liknande vekstøkonomiar.
- Vestlandsrådet vil be Vest-Norges Brusselkontor og Stavangerregionens Brusselkontor om å utforme eit forslag til kompetanseplan for EU/EØS-kompetanse

³ I sak om ein muleg kinastrategi, lagt fram i Vestlandsrådet sitt møte 22. oktober 2012, vart det lagt opp til eit vidare samarbeid om kinesiskfaget i skolen